

# **LOV FOR NORDMØRE MÅLLAG** (skipa 1907)

(sist endra 07.03.2020)

## § 1

Nordmøre Mållag har til føremål:

- a) å samle målfolk på Nordmøre til aktivt arbeid for det nynorske språket på alle område.
- b) å auke kunniskapen om og vørnaden for nynorsken og dialektane våre.
- c) å styrkje grunnlaget for og verne om den folkelege by- og bygdekulturen.

## § 2

Nordmøre Mållag med sine lokallag skal vera innmeldt i Noregs Mållag med dei rettar og plikter eit fylkesmållag har. Eit lokallag må ha minst 10 medlemmer, men fylkesmållaget kan ha einskildmedlemmer.

## § 3

Arbeidsåret følgjer kalenderåret. Laget held årsmøte i februar / mars, kunngjort minst tre veker på førehand. Omframt årsmøte skal haldast dersom styret vedtek det, eller minst halvparten av lokallaga krev det. Ønske om å få saker opp på årsmøtet, må vera meldt skriftleg til styret seinast fem veker før årsmøtet.

## § 4

Årsmøtet godkjenner årsmelding og rekneskap, fastset årspengane og vedtek arbeidsprogram og budsjett. Stemmerett på årsmøtet har styremedlemmane i fylkeslaget og utsendingane frå dei lokallaga på Nordmøre som fyller krava til medlemskap i Noregs Mållag. Medlemmar som har vore direkte innmeldt i minst eitt år, kan få stemmerett på årsmøtet. Alle medlemmane har møte- og framleggsrett.

Tal på utsendingar frå lokallaga til årsmøtet:

- Lokallag med 10 – 25 medlemmar har rett til 1 utsending.
- Lokallag med 26 – 50 medlemmar har rett til 2 utsendingar.
- Lokallag med 51 – 75 medlemmar har rett til 3 utsendingar.
- Lokallag med 76 og fleire medlemmar har rett til 4 utsendingar.

## § 5

Årsmøtet vel:

- a) leiar ved særskilt val kvart år.
- b) 4 styremedlemmar og 3 varamedlemmar. Styremedlemmane skal veljast for to år om gongen, og halvparten står på val kvart år, første gong etter loddtrekking. Varamedlemmane skal veljast for eitt år om gongen.
- c) to revisorar for rekneskapen, pluss to vara, for eitt år.
- d) utsendingar til landsmøtet i Noregs Mållag, i år der det blir halde landsmøte.

- e) andre tillitsvalde som årsmøtet gjer vedtak om, for eitt år
  - 3 medlemmar til skriftstyret for *Du mitt Nordmøre*

## § 6

Styret vel seg imellom nestleiar, skrivar og kasserar, og eventuelt andre ombod som årsmøtet ikkje har valt. Styret står for det daglege arbeidet mellom årsmøta. Styret er vedtaksført når det er innkalla på vanleg måte og minst 3 styremedlemmar eller varamedlemmar møter, mellom dei leiar eller nestleiar.

## § 7

Nordmøre Mållag eig og driv årsskriftet *Du mitt Nordmøre*, som er eit kulturskrift på nynorsk for heile Nordmøre. Skriftstyret er valt av årsmøtet og tek seg av redigering og utgjeving. Lagsstyret organiserer salet, og kasseraren i laget fører særskilt rekneskap for *Du mitt Nordmøre*. Årsmøtet gjer vedtak om korleis overskotet for *Du mitt Nordmøre* skal disponerast. *Du mitt Nordmøre* skal alltid ha nok eigenkapital til å gje ut neste utgåve av boka, og til eventuelle andre prosjekt som det er gjort vedtak om.

## § 8

Fylkeslaget kan rekne laget som nedlagt dersom det 3 år på rad ikkje blir halde årsmøte og sendt årsmelding til Noregs Mållag.

## § 9

Dersom laget blir nedlagt, skal styret i Noregs Mållag ta hand om møtebøker og annan eigedom. Dersom nytt lag blir skipa og meldt inn i Noregs Mållag innan 5 år etter nedlegginga, skal alt gå attende til det nyskipa laget. Går det lenger tid, overtek Noregs Mållag det heile.

## § 10

Framlegg til endring i lova må vera kjend for medlemmane minst tre veker før årsmøtet. Dersom eit framlegg til endring av §§ 3 – 9 får 2/3 fleirtal, er det vedteke. For å endre §§ 1, 2 eller 10 krevst samråystes vedtak.

Endra 2020